



Her preikar tidlegare sokneprest S. H. Nilesen under eit morelltre ute.

Sommargudstenestene på Skorpo har vorte ein kjær og årviss tradisjon. Førstkommande søndag kl. 14 er det klart for årets gudsteneste på denne vakre øya utanfor Uskedalen. Dersom ein ikkje vil gå for eigen båt, er det ordna med båtskyss. Den går frå Sandakaaien kl.13.

Prest på gudstenesta vert Kristin Winlund. Ho er vikar no i sommarferietida. Etter gudstenesta vert det som vanleg kyrkjekaffi.

Det er truleg den 16. gongen det er slik sommargudsteneste på Skorpo. Eg har fått stadfesta at den 8. gudstenesta var i 2007, og eg meiner det har vore gudsteneste på Skorpo kvart år etter det. Veret har bestemt om gudstenestene har vore utandørs eller inne.

Dei 4 første gudstenestene på Skorpo fann stad på den største garden på Skorpo, Oppi Skorpo. Tre av desse var ute, medan ei var i røykstova på garden. Seinare har gudstenestene vore i Søre Skorpevågen, garden til Ole Kristoffer Vågen, og det har vore veksla mellom å ha dei utandørs og inne i løa.

Dersom nokon har sikre og supplerande opplysningar til det som er skrive her, bed eg dei ta kontakt så skal eg føya det til.



Løa er eit godt alternativ om veret ikkje er på lag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Ola Matti Mathisen.